

AT-LEIREN
PÅ EIKELAND I BJERKREIM
1. ROGALAND-SVEIT, 1941 – 1945

av
Astrid Humberset



Porten til leiren – 1942. Foto: Gunvar Svensen

Kart over Heia



Innhald

Kart over Heia	2
Soga om Ognaelva	4
Etablering av arbeidstenesteleiren på Eikeland	6
Kommunale vedtak utover i 1941	10
Den første tida for arbeidsleiren	11
1942	14
1942-43	17
1944	18
Militært Norsk Skimesterskap for AT	18
Innbrot i Arbeidsleiren på Eikeland, 4-5. juni 1944	19
Tida før sabotasjeaksjonen	20
Sentrale personar i AT-tenesta i Rogaland	23
Kaptein Sigurd Tønder, leiar for AT-tenesta i Rogaland	23
Helge Aga, leiar for leiren på Eikeland	24
Oscar Johan Høyland, leiar for leiren på Eikeland 1942-1945	25
Gunnar Hans Torp Sønsteby, nestleiar på Eikeland 1943-1944	26
Anders Brynjulf Nagel-Alne, kvartermester 1942-1944	27
Sabotasjeaksjonen ved nyttår 1945	29
Opptakten til aksjonen	29
Beretning frå dei som var med	29
Etter brannen	34
Refleksjonar	35
Juni 1945	36
Etter krigen	36
Salet av AT-leirbygningane på Eikeland	37
Avslutning	37

Soga om Ognaelva

Arbeidsleiren på Eikeland i Bjerkreim vart lagt til Eikeland i hovudsak for å søkkja Ognaelva som i årtider hadde skapt vanskar for folka som budde der. Det var stadig flau-mar som skapte både bry og øydelegging av avling. Det vart også anlagt veg til nokre avsides gardar og nydyrking av ei stor myr.

Ognaelva renn frå Ognavatnet i Slettebømarka som ein bekk som blir større og større etter kvart som den renn nedover dalen. Først mellom Slettebø-gardane og Laksesvela. Vidare mellom Ognedal og Tysland – Steinsland, mellom Gåsland, Berland og Eikeland til det store Ognavatnet før skiljet mellom Hetland og Gravdal. Derfrå går elvefaret i fossar nedover Ogn-sokna til utløpet ved Ogn-garden der den møter havet.

I dagboka for Ognedal skule kan ein sjå kva tid der var flau-mar, for då kunne ikkje borna frå ytre Heia koma seg fram til skulen. Læraren skreiv då "Flaum". Ofte laut borna vassa i høgt vatn over Steinslandsneset og Gåslandsfeltet på heimvegen frå skulen.



På biletet ser ein opp mot skulehuset på Ognedal med Slettebø og Nipen i bakgrunnen. Denne flata kunne bli overfløymd mens borna var på skulen. Då måtte dei gå over fjellet på heimvegen. Steinslandsjordene til venstre stod også i fare for øydelegging av avling. Foto: Gabriel Ognedal.

Olsok-flaumen var så vanlig at den fekk sitt eige namn.

Eg tenkjer òg på ein stad der det ofte var flaum. Der var det alltid vipe-reir. Elles ser eg for meg jordene dekkja av vatn. Elva gjekk i eitt med dei ymse tjørnene.

På Eikeland var det 4 bruk. Etter 1904 vart bruk nr. 4 delt mellom 2 brødre, Torger og Nils Eikeland. I 1907 vart der utskifting og klynge-tunet vart utflytta. Bruk nr. 1 flytta fram for kyrkjeregjet til Holane og Kyrkjeberget. Torger på bruk nr. 4 flytta til nedanfor Larsaborga der den store, runde Kringlesteinen låg. Nils flytta litt lenger bort mot elva til ein flate mellom Stembakken, Adamshaugen og Jonsokhaugen. Det vart bruk nr. 5.

Brørne fekk halvparten kvar av heimehuset og så bygde dei på resten. Det var vanlig på den tid, også andre stader i landet.

Men det eldste bustadhuset, som då var kårbolig, vart ståande att oppå den høge "Larsaborga". Det gjekk over til bruk nr. 2 og var blitt hønsehus i min barndom i 1930-åra. Der var det ei kjelde under eine enden av huset, i kjøkkenet. Kanskje var det same vannåra som gjekk til kjelda ved Kringlesteinen nedanfor bakken.

Min farbror, Sigurd Eikeland, som var yngst av 6 søsken, fortel i eit minneskriv frå 1983 om ein stor flaum på Eikeland:

Ognaelva deler garden Eikeland i to.

"Størstedelen av innmarka og utmarka ligg på vestsida og nordsida av elva. Bruket vårt ligg nærast elva på nordsida av elva på eit lite platå. Dalen er flat i ei mils lengd, og det skal lite nedbør til før elva fløymer opp. Største flaumen "i manns minne" var våren 1910 under isgang.

Heimen vår vart heilt omringa av grumset flaumvatn og isflak, og alle måtte røma. Dørene til fjøs og sauehus blei opna så dyra kunne gå ut om dei ville. Grannar kom med 4 – 5 hestar (det var ikkje båt der på garden) og på hesteryggen blei heile familien evakuert. Eg er yngst i flokken, og på sett og vis var eg med, èg òg – for dette skjedde eit halvt år før eg blei født. Om morgonen hadde ismuren brotna så dei kunne flytta heim att. Dei eldre søskena mine fekk varige minner frå den rideturen.

Dette var nok både første og siste gong at evakuering måtte til. Far og mor var bureisarar og hadde bare butt der 6-7 år. Seinare opp gjennom åra har elvefaret blitt utvida og oppreinska. Ein av grunnane til flaumen var at det 3-4 stader var oppmura fiskekjer som skrumpa inn elvefaret. Siste oppreinsking skjedde under krigen".

Det var forresten nære på at vi ikkje laut evakuera ein gong i 1930-åra også. Eldre folk minnest at husa var omringa av vatn, og at det var på tale å flytta. Men så sokk vatnet og faren var over for den gongen.

Dette har eg eit minne om: Bror min kom inn i stova og varsla at vatnet var kome halvvegs

opp til brønnhuset. "Eg vil sjå" ropa eg, snurra rundt og sprang ut. "Du må ikkje gå ut", ropa mor i redsle. Eg kom så langt ut i ytterdøra at eg fekk sjå vatnet skvulpa nede i vegen før mor fekk tak i meg.

Det var kanskje etter det at det vart søkt om løyve til å søkkje elva. Det vart halde eit møte mellom bøndene på Eikeland. Då vart far min, Isak Eikeland på br. nr. 5, bedt om å føra det vidare. Det var eit tiltak som samla fleire på Heia.

Før krigen kom, vart dette også ei sak for heradsstyret i Bjerkreim:

"Sak: 19.3.1940 i Heradsstyret i Bjerkreim. Søknad frå Karl Laksesvela om garanti overfor staten for innledet rensking og forebygging av flaum ved Ognaelva. Godteken, og sendt vidare til Fylkesmannen."

Etablering av arbeidstenesteleiren på Eikeland

3 veker seinare, 9. april, kom krigen til Norge. Etterpå kom nok tanken om senking av elva på vent før det dukka opp att frå ein uventa kant.

Sommaren 1940 blei det av det nystifta Administrasjonsrådet sett i gang frivillige arbeidsleirar. Det hadde det vore i fleire europeiske land før krigen. Arbeidsløysa var stor og mange ungdomar melde seg på til desse leirane. Dei hadde hygge saman og fekk føla at dei gjorde noko nyttig arbeide. Deltakarane vart sette til arbeid i jord og skogbruk, dyrking og veiarbeid. Det vart nytta vanlige store hus, eller forsamlingshus til boliger (t.d. Dalheim Fylkesskule på Helleland). Om sommaren var der også teltleirar. Klesdrakta deira (uniforma) var like kjeledressar.



Oversiktsbilete over AT-leiren på Eikeland. Foto: Jørgen Tengesdals samling

Bjerkreim fekk forespørsel om å setja i gang ein jenteleir som dei takka ja til. Men eg kan ikkje finna noko om den. Derimot låg der allereie på kontoret til fylkesmannen eit godt prosjekt for ein mannsleir. Det vart nok bakgrunnen for leiren på Eikeland.

Det var fylkesagronomen som la opp og planla arbeidet for den komande arbeidsleiren på Eikeland. Han farta ei tid rundt og tala med folk og såg på terreng og forholda elles. Han heitte Alfred Norheim og var frå Time.



Oversiktsbilete over AT-leiren på Eikeland. Foto: Ukjend

Dei planla å byggja leiren på bruk nr. 1 på ei flate på å-sida av gardstunet. Mellom Kyrkjeberget og steingjerdet mot naboen, Tønnes O. Egeland. på bruk nr. 2. Ein dag kom altså lensmannen, Ketil Gjedrem, saman med Kaptein Tønder til Gunda Egeland og fortalte om planane. Ho var enke med 6 søner. Det vart lova henne at leiren skulle bli bygd slik at det skulle bli lett å rydda bort når leiren var slutt. Det var på udyrka mark. Det vart satt opp leigekontrakt datert 6. juni 1941. Denne kontrakten blei fornya og skrive meir detaljert 20. august 1942. Eigedomen var på 26 dekar med oppsette grensemerker.

Kyrkjeberget vart eit sjølvsgatt punkt for flaggstanga. Der vaia det norske flagget i dei tilsvarande frivillige leirane.

25.09.1940 kunngjorde Reichskommisar Josef Terboven opprettinga av eit nytt departement: "Departement for Arbeidstjeneste og Idrett". Arbeidstenesta vart anlagt etter militære mål. Ein general var leiar for tenesta og mange førkrigsoffiserar tok teneste der. Mange av dei fekk teneste i forsvaret etter krigen også.


Namnet var Norges Arbeidstjeneste (AT). Det vart oppdelt i sveiter med ca. 150 mann i kvar. Leiaren var Sveitførar (Kapteins grad). Tropp med Troppsførar og Lag med Lagførar. Det vart drive etter militært mønster med uniformer og eksersis med spade i staden for gevær. I 1941 vart tenesta obligatorisk for menn i vernepliktig alder i 4-8 veker. Formålet var som før, samfunnsnyttig arbeid. Kaptein Tønder vart Fylkingsførar for Rogaland.

Leiren på Eikeland vart bygt utover 1941. Det vart bygt av enkle ferdige seksjonar som vart sett saman utan isolasjon. Den første brakka skulle bli sjukehus. Den vart bygt langs gjerdet mot naboen. Ved innkjørselen var det ei vaktbu og til høgre for den kom kantine-brakka. Med to befalsbrakker vidare langs kanten mot gardstunet.

Til venstre for porten kom der ein garasje. Bortanfor den vart det laga ein jordkjellar for oppbevaring av mat. Vidare var der tre mannskapsbrakker med ei opphøgd scene foran. Der var også idrettsbrakka der dei hadde underholdningskveldar, der også bygdefolket vart invitert. Det vart grave ein brønn oppe i åsen slik at dei fekk nok trykk til springvatn. Det vart bygt ei badstuebrakke på å-sida pluss diverse andre bygg. Heilt nedst budde grisen, som i så mange villaer under krigen. Den vart fora med matavfall.



Sykebrakka er den einaste gjenståande bygningen. I juli 1997 var Harry Bergsli på besøk på gamle tomter der han var AT-gutt. Her står han (tv.) saman med Nils Eikeland (som òg er eigar av dette biletet)



Teikning av AT-leiren på Eikeland

Kommunale vedtak utover i 1941

Vedtak i Bjerkreim formannskap 2. sept. 1941

I anledning en søknad frå Torveheia grøftingslag om i henhold til vassdragslova å foreta en senkning av ein del av Ognaelva i Bjerkreim herred.

Beslutning

Herredet overtar garanti for mulig skade-erstatning av foretagendet forsåvidt krav på sådan erstatning påtales innen den i §70 jfør §29 i lov om vassdragenes benyttelse av 1. juli 1887 bestemte frist av 3 år frå den dag den skadelidende er blitt vitende om skaden.

Martin Veen

Vedtak i Bjerkreim formannskap 21. nov. 1941

Garanti

Bjerkreim kommune garanterer med dette Tollef Olsen Gravdal og Møller Gravdal for alt tap som kunde tenkjast å oppstå ved at Arbeidstjenesten får byrja å søkkja Ognaelva før det er halde skjøn på den skaden det vil verta på ålefisket på Gravdal.

Denne garantien er gjeven for at arbeidet skal kunne byrja straks.

Bjerkreim formannskap, 21. nov. 1941

Martin Veen

Skjøn om saka vart halde i stova på bruk nr. 3 på Eikeland hjå Karl Egeland. Nokre av mærene vart fjerna og nokre fekk behaldast eller flyttast . Det vart semje i saka, og mærene har fungert i ettertida. (Mærer=Ålekjær)

Vegane


Søknad frå Fylkesagronom Alfred Norheim til Bjerkreim Heradsråd om grunnavståing til vegen Steinsland bru til Skiftingsholen som det er føresetnad at AT skal byggja. Dei fleste eigarane har skriftleg lova gratis grunn.

Likeeins veg frå Eikeland til Goabakken. Gunda Egeland har lova fri grunn til denne vegen mot at eigaren av Goabakken held grunn i skiftet mellom eigedomane. Føresetnaden er at AT skal byggja denne vegen òg.

Garanti vart gitt.

Søknad frå Fylkesagronom Norheim angående senking av elva på Tengesdal.

Der var det laksefisket på Tengs som kravde garanti.



Plakatane vart satt opp av kaptein Tønder.

Den første tida for arbeidsleiren

Den første puljen med AT-gutar var frå Telemark. Dei kom hausten 1941. Dei vart sett til vedhogst i Statsskogen i Hetlandsfjellet. I Espåsen opp frå Ognavatnet.

Etter nyttår 1942 vart det sprengkaldt og Ognaelva fraus til som aldri før. Det kom spørsmål frå AT-leiren til bøndene på Heia om å kjøra heim veden i Espåsen til leiren på Eikeland. Sidan elva var stivfrosen, kunne dei kjøra på elva frå Eikeland til Espåsen. Det vart ei lang rekke på 20 hestar med slede.



På veg etter ved. (Foto: Jørgen Tengesdals samling)

Nå vart det ei ny tid for oss som voks opp på den tida. Det var spennande å sjå på AT-gutane som kom marsjerande morgon og ettermiddag til og frå arbeidet.

I marka vår kom det også ei smie på ein stad som var midt mellom arbeidet i elva og den myra som vart dyrka for naboen vår, Tønnes T. Eikeland.

Dei fiskekjæra, mæranane, som folka i Gravdal var redd for skulle bli øydelagt, vart flytta til ein annan stad. Så vart dei velnøgde. Det med ålefiske i Gravdal er forresten noko svært gammalt. Det var verdimåla for gardane i Gravdal, liksom korn var det for Eikeland.

Det kom lege i sjukebrakka som også folk i nabolaget fekk nytta. Elles var den næraste legen i Egersund.

Av og til vart det arrangert opptrekk og underhaldning i leiren som også ungdomane i nabolaget vart invitert til. Ein gong vart det arrangert sy-kurs som fekk halda til i ei av brakkene.

Om kvelden kom gjerne små flokkar AT-gutar ruslande rundt på gardane med feltflaska si for å kjøpa mjølk. Det var i mjølketida. Det var særst den gongen det var gutar frå Stavanger.

Ei helg kom der også ein flokk med mødrer og kjærastar frå Stavanger som overnatta i

høy-låven hjå naboar. Dei kom med rutebussen ein laurdag og reiste att søndag kvelden på same vis. Så fekk mødrene bli beroliga om at sønene deira hadde det bra. Dei kom også rundt på gardane og tala med folk.



Her ser vi veden bli kjørt inn i leiren. (Foto: Jørgen Tengesdals samling)

I 1941 kom der lov om at leiarane i Arbeidstenesta skulle vera medlem av Nasjonal Samling N.S. Men det vart ikkje heilt gjennomført.

Ein 17. mai fekk vi borna ein idé om å laga 17. mai-tog. Det var oss syskena og trimenningane våre frå nabogarden. Det hadde aldri vore 17. mai-feiring på Heia, men vi hadde høyrte om det. Vi som gjekk på skulen hadde òg opplevd det i 1939 då skulen på Ognedal, saman med Bjerkreim skule, var på besøk i Ørdsalen og gjekk 17. mai-tog der. Men då vi hadde funne fram flagg og stilt oss opp i garden vår for å gå i tog til naboen, så kom mor og far springande og stoppa oss. Dei fortalte oss om at der kunne vera nazistar i leiren, og det var uvisst kor strenge dei var. Derfor var det best å sløyfa 17. mai-toget vårt.

Leiaren av kantinen og innkjøpa i leiren var kvartermester Nagel-Alne. Han tok seg også turar rundt i nabolaget om kveldane. Ein dag fekk han høyra at eldste bror min, Nils, hadde fiska ein ekstra stor laks i elva. Då kom han og spurte om han kunne få kjøpa fisken. Han ville røyka laksen og senda den til faren som satt fengslet i Tyskland. Han var av dei offiserane som vart arrestert i august 1943. Det var ulovlig å senda pakkar til dei, men sidan han var medlem av N.S. fekk han lov. I ettertid ser vi at der var mange årsaker til N.S.- medlemskap.

1942

Nå kom arbeidet i elva i gang for fullt. Dei tok til nedanfor Ognavatnet.



Frå arbeidet med senking av Oгнаelva. Me ser ein steinbukk, vogn og skinner. Foto: Harry Bergsli

Av bileta ser ein kva arbeidsreiskap som vart nytta. Det var spader og hakker. Hjelpemiddel var steinbukken for å lyfta steinar opp og svinga dei opp i vogna som gjekk på jernskinner. Steinbukken vart sveivt med hand og hadde ei stor klype som dei la om steinen som skulle flyttast. Klypa hang i eit tau (wire) som gjekk på trinser i toppen. Det var det vanlege i den tida.

Slik arbeidde dei seg oppover elva til bustadområdet på Eikeland. Der var restene av den gamle kloppa som hadde blitt nytta som overgang over elva før det vart bygd bru litt ovanfor. Dei steinane vart nå fjerna.

Ovanfor brua, på marksida av elva, var det ei stor myr på naboen vår, Tønnes T. Eikeland, sin gard. Våre utmarker møttes der ved brua. På den myra vart det grave store veiter ned til elva, for å føra bort vatnet i myra. Såleis vart den dyrkbar.

Dei AT-gutane som arbeidde i elva laut marsjera ca. 1 time kvar veg når dei arbeidde lengst nede ved Ognavatnet. Det var nok ein lette å få arbeide nærmare leiren.



Frå arbeidet med senking av Ognaelva. Foto: Harry Bergsli

Sumaren 1942 vart det sett i gang vedhogst i Gravdal for Peder Gravdal. Då vart det sett opp teltleir der for overnatting, så slapp AT-gutane å gå så langt kvar dag. Maten vart kjørt ut dit frå leiren.



Rastepause i marka ein vinterdag. Foto: Ukjend

Når arbeidet skulle ta til på vegen frå Gåsland til Hodlen, måtte dei over elva. Den går jo mellom Eikeland og Gåsland. For å sleppa å gå den lange vegen om Steinslands-brua laga dei si eiga ferge.



Prammen over Ognaelva blei brukt som ei ferge. Foto: Jørgen Tengesdals samling

Då nytta dei ein flat pram. Så laga dei eit stativ på begge sider av elva med eit dobbelt tau spent mellom stativa. Så stod AT-gutane i ferga og drog seg fram såleis. Seinare kom der opp ein betre måte med ei slags hengebru, med støtte i tauet.

Arbeidet her vart som ved elva. Det var spade, spett, hakke og trillebår, med hjelp av steinbukk. Lengda på vegen som vart bygd var på ca. 1,2 km.

AT-gutane arbeidde i "lag" med Lagførar som leiar. Dei vart flytta mellom dei ymse arbeidsstadane. Fylkesagronom Alfred Norheim hadde styringa over alt arbeidet og instruksjonane. Gardbrukarar i Bjerkreim kunne òg få hjelp til innhausting om dei sto i beit slik. Eg minnest det var sær slykje ein haust i potetopptakinga.

Sumaren 1942 vart det fortalt at leiren fekk i oppdrag å laga revy i Stavanger Teater. Det fortalte Gunleiv Svensen. Han spela fiolin i "1. Rogaland Sveit orkester". Elles laga dei til mange samlingar i leiren der ungdomane i nabolaget vart inviterte med.



Innmarsjering med spader. Foto: Jørgen Tengesdals samling

Dei hadde songar som dei song når dei marsjerte. Ei av dei byrja slik:

*I våre spader
glimter den sol
spadenes solskin
det er vårt symbol*

1942-43

Vi borna prøvde også den provisoriske brua til AT. Det var når vi skulle besøkja kusina vår når ho var på hytta på Gåsland.

Like overfor leiren hadde vår farbror, Ingvald, bygd seg ei hytte på broren Bjarne sin gard. Så kunne familien få koma seg bort frå Stavanger og det som følgde med krigen. Ingvald var politi i Stavanger. Som løytnant hadde han vore med i striden i Gloppedalen i april 1940.

Under krigen vart det på møte med alt som var norsk i klesvegen. Det var lusekuffer og Selbumønstra vottar og knestrømper. Ein gong kom Randi med noko ho kalla "Bonde-drakt" som var på moten i Stavanger. Det var skjørt med snøreliv. Ein enkel kopi av bunad. Heldigvis hadde mor litt stoff liggjande, så fekk eg og ei søster bonde-drakt som tante Ruth sydde i hytta til oss.

Min far og broren Ingvald, var begge opptekne av lokalhistorie og slektsgransking. "Slek-
tasnakk" kalla vi borna det, og tykte det var uinteressant. Men ein gong oppfatta eg ei
ytring som sette seg fast og som eg først forstod i ettertid. Truleg grunna den såre tonen
det vart sagt i. "Kva skulle eg vel gjera? Eg har kone og born og har nyleg bygd hus."

Om det var då, i 1943 eller tidlegare veit eg ikkje, men i august 1943 vart alle i politiet
og dei norske militære offiserane, som ikkje var medlem av NS, arrestert og sendt til
Schildberg i Tyskland. Omlag 1000 fangar sat der til krigen var slutt.

1944

Militært Norsk Skimesterskap for AT

1944 vart minnast som det store "snøåret", liksom 1942 var det store "fryseåret". Då vart
det laga eit sportsstevne for AT-leirane i landet. Det vart halde i Bærum. Der vart det
konkurranse både i hopp og langrenn.

Då var det altså å finna nokon blant AT-gutane på Eikeland som var flink nok på ski til at
dei kunne konkurrera med andre som kom frå meir snørike distrikt som t.d. Austlandet.
Dei som vart tekne ut til konkurransen vart så sendt til Grøtteland for trening. Der var nok
meir snø enn på Eikeland og området der. Dei fekk bu hjå Rakel og Torger Grøtteland.

Av bileta ser vi at det var Jørgen Tengesdal og Peder Dyrskog som var med der.



Skimesterskap for AT i Bærum. Foto: Jørgen Tengesdals samling

Turen til Bærum har truleg gått med bil til Kristiansand og så vidare med tog. Frå bileta ser vi at der var stopp i Kristiansand. Sørlandsbanen vart fullført med tog mellom Flekkefjord og Kristiansand i 1944.

Bileta frå Militær Ski NM. I Bærum viser at det vart riktig satsa på det norske, med norske flagg over alt. Med nokre mindre AT-bannere på tribunene.

Innbrot i Arbeidsleiren på Eikeland, 4-5. juni 1944

Eg hørte for to-tre år sidan at arbeidstenesteleiren på Eikeland blei omtala som "tyskarleir", og det av nokre som eg visste hadde fått hjelp til innhausting under krigen av AT-gutar. Då bestemte eg meg for å skriva om kva det verkeleg var.

Eg ringte då til søskenbarnet mitt på Sola, Nils Eikeland. Hans far, min farbror Johan, hadde gard på Skadberg under krigen. Der vaks borna opp med tyskarar som marsjerte gjennom gardstunet, av og til med ein liten 3-åring apande etterpå. Eller russiske fangar som dei større borna smugla mat til. Som dei òg fekk små kunstgjenstandar av, laga av minimum grunnlag.

Eg ringte derfor med mitt spørsmål om han kunne beskriva ein tyskarleir. Han svara konstant: 2 meter høgt nettinggjerde som er bøygd innover på toppen med piggtråd på.

Altså: AT-leiren på Eikeland var ingen tyskarleir. Eg har prøvd å beskriva kva det var. Det var "okka leir". Det som utvikla seg utover 1944 er ikkje forståelig for oss som kjente til leiren. Eg trur ikkje nokon tyskarleir slepte ut fangane grunna "matauk" om det var aldri så mykje trong for det.

Å gjera innbrot og stela og øydelegga eigedomar er liksom ikkje foreinleg med landsfolk elles. Når dei så fekk det til at dei gjorde ei gjerning for landet, så var det altså gyldig. Men AT leiren var bygt for oss.

Hausten 1943 kom der altså sabotasjegrupper frå Stavanger til Bjerkreim. Vi ser korleis det må ha påverka ungdomane. Det var også spenning i det å "lura tyskarane". Så var det altså to av ungdomane som vart innkalla til arbeidsteneste på Eikeland. Dei fekk "ordre" om å undersøkje vilkåra for "sabotasje" der.

Veret gjorde at dei ikkje kunne brenna leiren. Men noko ville dei gjera, og så blei det innbrot. Fangsten vart uniformer og anna. Dei hadde altså nytta tida i arbeidsleiren til å finna ut korleis dei kunne koma seg inn i lagerbrakka. (Det vart seinare funne deler av uniformer, som skulderklaffar m.m. Uniformene vart omsydde slik at dei skulle sjå meir ut som engelske uniformer.)


Det vart stor ståhei etterpå. Statspolitiet i Stavanger vart kopla inn, for dei trudde det var ei gruppe som dei meinte heldt til i Bjerkreimfjella som sto bak innbrotet. Brørne Vinningland vart nemnt.

Kvartermeister Anders Nagel-Alne vart mistenkt for samarbeid, for han likte å prata med dei folka når dei kom med varer. Det var også han som hadde ansvaret for lageret. Dei var endåtil og kontrollerte i leiligheten hans i Madla.

Også nest-sveitfører Helge Aga, som forsvann i Oslo jula før, vart nemnt som mistenkt. Hans forlovede i Stavanger, lærerinne Ingebjørg Svello, vart forhøyr om det. (Faren,

Halvard Svello, var styrar på Dalane Fylkesskule på Helleland)

Det heile kokte til slutt ned, og dei måtte avfinna seg med eit uopplart tjuveri.



Denne planskisse er frå etterforskningsmaterialet. Der er også Kyrkjeberget med flaggstanga med det norske flagget teikna inn. Det skulle vel tydelig visa kven leiren høyrde til.

Tida før sabotasjeaksjonen

Vaulekarare var: Sigurd, Tor, Kjell, Ludvig, Olaf, Leif og Bjørn.

Alt tok til i november 1943. Då kom der 3 menn flyttande til Vaule med ein sender og engelsk tobakk som lokkemiddel. Det var Otto Olsen, Ernst Askildsen og Jon Førre. Han var der ei kort tid. Dei 2 første budde først i ei hytte, men så flytta dei inn i huset på garden. Truleg for å unngå spor ute.

Det var naturleig at folka på garden vart påverka av dei framande. Det gjekk så mange rykte utover vinteren om arbeidsleirane, at mange vart redde for at det var sant at AT-gutane vart sendt til austfronten. (Heima høyrte vi ikkje noko om det.)

Når så ein frå kvar av dei 2 gardane som var med i desse hemmelegheitene vart kalla ut til AT-teneste på Eikeland etter nyttår 1944, vart det så til at dei, Alf, Leif og Tor, skulle søkja etter mulighet for sabotasje. Men så fekk Alf poliomyelitt og døydde i mai. Kanskje følte dei det som ein liten hemnaksjon også, å driva sabotasje der.

Men så blei alt avslørt i september 1944. Då hadde Otto Olsen blitt arrestert og røpt alt. Alle på Vaulegardane flykta natta til 13. september 1944. Nokre sprang hit og nokre dit.

Der var ein teltleir på Gjedrem for nokre flyktningar. Dit drog nokre av Vaulefolka. Der kom også Politiet (Gestapo) med Otto Olsen som vegvisar. Han fortalte at han hadde røpt alt. Nokre av familiemedlemene vart fanga, andre var på flukt til krigen var slutt. Nokre andre familiar i bygda vart dermed dratt med når dei tykte dei laut hjelpe. Men nokre kom seg over til Sverige.

Men kva så med dyra på dei to gardane? Den eine bonden tok med seg hesten. Kva så med kyrne som sto der svoltne med mjølkespreng om morgonen? Kven andre enn AT-gutar vart henta inn som hjelp i ein akutt situasjon som denne. Før det vart ordna med forpaktarar på dei to gardane.

Det var fleire motstandsgrupper i Sør-Rogaland. I staden for samarbeid vart det konkurranse om revira. Kven som var først i den eller den marka. Då vart det dobbelt fare for å bli oppdaga.

Stemminga vart anspent. Vi veit kor godt det er å få leggja eit godt dagsverk bak oss og få kvila. Når folk så lever som fredlaus, er eit godt arbeid å motarbeide fienden. Og fienden er alle som ikkje er med ein. Kven det så er. Kvar det så er. Ein sabotasje er rådet.

29.11.1944 vart Knottfabrikken i Hillevåg sprengt. Tyskarane hadde då teke til å omarbeida nokre bilar til knottbrensel. Så vart altså knottfabrikken blitt til "tyskarfabrikk". Men det var nok det sivile livet som vart mest råka av mangel på driftsmiddel til både buss, drosje og lastebilar. Det var Helge Hansen frå kommunistgruppa som utførte denne "dåden".

Likvidering vart eit kvardagsord. Lister med folk som visste for mykje, som Helge Hansen og Otto Olsen og andre, med Harald Sem som dødskurér, verserte. Engelskmennene hadde løyst den kryptiske koden til tyskarane. Nå trong dei ikkje lenger nordmennene. Bort med dei.

I Dalane var der ei gruppe som var misfornøgd med dei siste oppdraga sine. Sprenging av Tønnefabrikken i Flekkefjord vart etter undersøkingar teke som sjølvtenning. Det gjekk visst på æra laust. Då laut dei straks finna ein ny stad å sabotera. Valet falt på Arbeidsleiren på Eikeland i Bjerkreim.

London vart kontakta og spørsmålet bore fram. Men med falsk bakgrunn. Det blei sagt at leiren var nybygd i 1944. Det vart sagt at det vart drive stor NS propaganda i leiren. Det vart også sagt at det var stor fare for at AT-gutane vart sendt til krigsteneste på Austfronten. Det skal ha vore opprop om boikott av AT-tenesta frå "ansvarlige norske myndigheter". Kven er det så dei telegraferte til? Som altså skal står ansvarleg nå. Kven er UK?

Leiren hadde vore i drift i 4 år nå. Det var blitt utført mykje samfunnsnyttige arbeid i dei åra. Både senking av elva, langt over 1 kilometer med veg vart bygd i ulendt terreng, ei stor myr vart dyrka og mykje skog var blitt hogd. Pluss hjelp til innhausting hjå dei bøndene som trengte det.

Riktig nok nytta dei uniformer i leiren, men det er der jo alltid når personane er "unit" likestilt, samstilt i arbeidet. Spørsmålet er altså stilt på feil grunnlag. Så blir det spurt to gonger om dei skal likvidera befalet som er der som vakt. Dei får til svar at det skal dei helst ikkje utan at situasjonen blir akutt.



Arbeidet med veien til Skiftingsholen. Foto: Jørgen Tengsdals samling



Arbeidet med veien til Skiftingsholen. Foto: Jørgen Tengsdals samling

Sentrale personar i AT-tenesta i Rogaland

Kaptein Sigurd Tønder, leiar for AT-tenesta i Rogaland

Født: 08.07.1894 i Sogn

Adresse: Eiganesv. 171, Tjensvoll (Hetland)

Sigurd Tønder var infanterikaptein i Det norske forsvaret i Setesdal 09-15 april 1940. Etter det var han krigsfange til 20. mai. Då fekk han reisa heim etter at alle offiserane hadde avlagt "Æresord". Det vart dei oppmoda til av general Ruge. Men han sto sjølv utanfor. Alle visste jo at livet måtte gå vidare nå.

"Æresord" i krig: Dei lova å ikkje arbeida mot okkupanten.

Men så i august 1943 vart likevel alle som ikkje var medlem i Nasjonal Samling arrestert og sendt til Tyskland. Sigurd Tønder hadde vore medlem i Nasjonal Samling sidan 1934. Han hadde ikkje tenkt over det før han meldte seg ut i 1944.

Det verkar på meg som om partiet var ei vidareføring av nasjonalkjensla som vaks fram på 1800-talet, også i litteraturen. I samband med lausrivinga frå våre naboland. Under krigen vart så dette partiet forbunde med styret og handlingane i Tyskland. Noko som sjølv sagt alle var mot den tid.

Sigurd Tønder hadde kone og 4 born frå 6 – 15 år på den tida. Då han så kom heim, 20.06.1940, fann han ein tysk offiser innkvartert i huset sitt i Eiganesvegen. Kva skulle han nå gjere? Som norsk offiser hadde han ikkje noko yrke å gå tilbake til etter krigshandlingane.

Den øvste administrative myndigheit då var administrasjonsrådet. Det var oppnemnt av Høgsterett og godkjent av kongen. Derfrå vart det sett i gang arbeidsteneste for ungdom på frivillig basis 20.06.1940.

Sigurd Tønder tok så med seg eldste sonen på 15 år og starta ein leir på Flassamyra på Figgjo. Arbeidet skulle vera samfunnsnyttig arbeid, og der var ei stor myr å dyrka. Det var nå om å gjera at Norge skaffa seg mat sjølv. Derfor var det viktig å auka dyrka jordareal. Det kom mange ungdomar og bad om få vera med, og det vart 110 gutar frå alle samfunnslag frå heile Rogaland. Tyskarane hadde då teke til å samla ledige arbeidsfolk til sine anlegg. Så slapp gutane det. Men mange familiefedrar såg nok mest på god løn.

Leiren opna 11 juli 1940. Lottene hjelpte til med matlaging. Dei dreiv også med idrett og gymnastikk i leiren.

Denne leiren fekk på dei 3 månadane brutt opp 14 mål jord, og steinsett fleire hundre meter grøfter. Samt hjelpt bønder som bad om hjelp i onnearbeid. Det vart starten.

25.09.1940 vart den frivillige arbeidstenesta oppløyst av Terboven, Samtidig som sivilforvaltninga for Hær og Marine fekk beskjed om at Hæren var oppløyst og befalet sat på venteløn. Det ville for Tønder sin del snart opphøyra. Han laut derfor gå inn i den obligatoriske AT. Der var mange av hans tidlegare kollegaer også. Han såg på dette som ei fortsetjing av arbeidet i den frivillige arbeidstenesta. Om å halda næringslivet i gang og då særleg mataukinga.

05.12.1940 fekk han brev om at han vart utnemnd til Utskrivingssjef for Rogaland. Då fekk han løn som han sårt trengte nå. I april 1941 fekk han ordre om at han også skulle vera Fylkingsssjef for Rogaland. Han ville då ha som motto: "Nordmenn, la oss arbeida".

Tønder merka bare velvilje hjå politi og lensmennene han kom i kontakt med i Rogaland. Heller ikkje møtte han nokon motvilje frå dei unge gutane som vart innkalla til AT-teneste, eller frå deira pårørande.

Fylkesagronom Norheim oppsøkte Tønder på kontoret våren 1941 for å tale om kor ille han såg på framtida, då i første omgang vinteren 1941-42. Han bad om hjelp frå arbeids-tenesta til å få dyrka mest mulig mat i Norge. Han sa med tårer i augo:

"Situasjonen er slik at kvart korn kan koma til å telja".

I skriv til Rogaland Arbeidsfylking våren 1943 henstilte fylkesagronom Norheim atter om hjelp til landbruket frå AT. Det same gjorde Landbrukssekretær Askeland.

Lensmann Gjedrem i Bjerkreim søkte våren 1941 inntrengande om å få ein leir lagt til Bjerkreim. Leiren kom same hausten og Gjedrem hjelpte både då og seinare til på alle måtar.

Noko som nok øydela mykje av det gode ryktet til AT var at nazi-myndigheitene i juli 1941 prøvde å leggja innmeldingane for dei frivillige til frontteneste for tyskarane på austfronten, til innmeldingskontoret til AT. Men innmeldingane til austfronten vart flytta bort frå Stavanger (Legionen). Det var Helge Aga og Arne Lima som styrte AT-kontoret. Dei flykta til Sverige jula 1943.

Tønder fortalte at han vart forundra då dei kom for å arrestera han etter at krigen var slutt i 1945, og det kan ein godt forstå. Han var jo av dei som heldt landet oppe gjennom 5 vanskelege år.

Helge Aga, leiar for leiren på Eikeland

Han var født i 1916 i Ullensvang i Hardanger.

Aga hadde gått på AT-skule i Gausdal. Vitnemål derfrå er datert 29.03.1941. Han kom nok etter det til Eikeland, 1. Sveit Rogaland. Det er ein del merknader om opprykk og betre løn. Han var først troppsførar. Hausten 1942 vart han sendt til Statens Gymnastikk-skole i Oslo. Det ser ut som om AT-styret for leirane har gått frå kravet om kapteins grad for leiarar på leirane, og satsa meir på kroppsutfoldelse enn militær stil. Det kunne koma vel med når arbeidet i leirane var tungt kroppsarbeid.

Han vart forfremja våren 1942, men søkte seinare og utover 1943 om meir løn. Det var bestyrargodtgjersle han søkte om. Det var så slitsamt arbeid. Særleg med vedhogst i Gravdal som låg 7 kilometer unna. Også var han i tillegg leiar for AT på Dalheim på Helleland 2. Sveit Rogaland. Men den vart lagt ned hausten 1943. Han vart nå kalla nest sveitførar. Men han klaga over at han måtte stå som bestyrer utan nokon nestkommanderande. Og utan løn som sveitførar. Han vart til slutt utnemnt til sveitførar for 1. Sveit Rogaland frå 1. januar 1944. Helge Aga var medlem av NS, men 10.12.1943 melde han seg ut av partiet.

Han hadde permisjon over julehelga 1943. Sjølve julehelga var han hjå forloveden Ingebjørg Svello. Ho var lærerinne i Stavanger. Dei feira jula hjå foreldra hennar på Helleland.

Etter juledagane reiste han til Oslo for å vitja søster si Ingebjørg Aga og nokre andre.

Etter det forsvann han. Det gjorde også 3 andre menn som var knytt til AT-tenesta.

Sveitførarane Arne Lima og Jakob Bastiansen var begge lærarar på Oslo Gymnastikk-skole. Ingen av dei var medlemmer i Nasjonal Samling. Ein annan nest sveitførar som forsvann samtidig var Svein Rist. Foreldra hans trudde at han var i Tyskland, sidan han i oktober var blitt beordra til eit kurs i Miltenberg. Men han var blitt fritatt for å delta der. Han hadde heller ikkje vore medlem av NS.

Samtlige vart etterlyste då dei ikkje møtte opp på arbeidsplassane sine etter nyttår. Myn- digheitene antok at dei hadde forlate landet.

Etter krigen har ein fått høyra at det var sett ut rykte om at AT-gutane skulle bli sendt ut i krigen av tyskarane. Det skulle også ha blitt sendt ut melding frå London om boikott av Arbeidstenesta.

Korleis kunne vel dei riva ned eit slikt godt byggjande tilbod, bare basert på rykte. Ar- beidstenesta sto jo for matauk i ei krisetid.

Oscar Johan Høyland, leiar for leiren på Eikeland 1942-1945

Født 04.04.1900 i Hetland.

Gift, 3 born under 18år

Utdanning: Framhaldsskule, Folkehøgskule

Militært: Madlamoen 1926 sersjant, 1930 fenrik. Kom seg ikkje fram til forsvarslinjene i 1940. Melde seg derfor på til arbeidsteneste våren 1941, for dermed å vera med å byggja landet opp att. Han hadde då, året før, meldt seg inn i NS.

Han tok våren 1941 befalskurs på Elverum. Der lærte dei landmåling og praktisk leirle- delse. Dei lærte ingenting om våpen eller hadde våpen.

Han kom deretter til Vikedal arbeidsleir som nest sveitførar i 4. sveit Rogaland. Etter 3 månadar vart han sendt til Helgelandsmona på repetisjonskurs. I januar 1942 vart han nest sveitførar for leiren på Eikeland. I april same år vart han sveitførar for leiren inntil kapi- tulasjonen.

I juni 1942 vart han ordførar i Bjerkreim i ½ år. Seinare var det litt flytting att og fram.

Då Johan Berland vart arrestert våren 1944 overlet han ca. 15 kg dynamitt, fenghette og haglammunisjon til Høyland. Høyland oppbevarte det i leiren til etter krigen, då han gav det vidare til lensmann Gjedrem.

Høyland kjøpte garden Træe på Gåsland våren 1944, og flytta dit med familien.

Høyland seier at han ikkje var klar over at Norge var i krig med Tyskland. Han gjekk ut frå at det blei fred i og med kapitulasjonen i juni 1940.

Gunnar Hans Torp Sønsteby, nestleiar på Eikeland 1943-1944

Født 21.10.1920 i Krødsherad, Buskerud

Han budde med foreldrene på Nesttun ved Bergen i 1940. Sumaren 1940 arbeidde han på gard. Han tok realartium og startet på Statens Husindustriskole i Haus ved Bergen i august 1940.

Han søkte om opptak til befall i AT og vart innkalla til 5. januar 1941 (AT var ikkje boikotta då). Utdanna der til lagfører i AT.

Deretter var han lagfører på Sokna i Lunde der dei bygde opp ein leir, og var der til september 1941. Han vart så beordra til troppsførarkurs på Elverum og vart troppsfører i desember. Deretter var han nest-troppsfører på lagførarskolen på Mysen. Der var han til 12. mai 1942. Skolen vart flytta til Elverum, og han var så der som nest-troppsfører til 10. oktober 1942.

Då vart det ved Statens Gymnastikkskole sett i gang ei linje for AT, 60 mann ved første kull. Ingen politiske foredrag, bare idrett og det som sto i forbindelse med det.

Skulen var slutt i april 1943, og han vart beordra til Bjerkreim som fungerande nest-sveitfører, ved 1. Rogaland Sveit på Eikeland. Han var der til 01.11.1943. Då tok han til på eit kurs i Tyskland som varte til 15. april 1944. På kurset var det opplæring i praktiske fag som dei kunne få bruk for i tenesta. Det var landmåling, fjellsprenging, muring, transport av store jordmasser ved hjelp av maskin, gymnastikk og ymse idrettar. Der var også korte forelesingar om europeisk historie, forvaltningslære m.m. Der var ikkje våpenkurs, og der var fleire som ikkje var medlem av NS.

Sønsteby kom så tilbake til leiren på Eikeland i Bjerkreim 25. april 1944. Men han søkte to gonger den sumaren om å få koma til Tyskland på kurs, men fekk avslag av Fylkingsfører Tønder. Han meinte Sønsteby gjorde meir nytte der han var. Han var flink der, og det var så nyttig arbeid som vart gjort av leiren.

Men det varte ikkje så lenge før det blei ei endring likevel. Tilhøva blant motstandsfolka gjorde at lensmann Ketil Gjedrem vart arrestert og sendt til Grini. Då fekk Gunnar Sønsteby tilbod om å overta som lensmann i Bjerkreim. Fylkingsfører Sigurd Tønder protesterte og ville ikkje gi tapt på ein leiar på Eikeland AT leir. Men øvste hold innan Arbeidstenesta greip inn og så vart Sønsteby lensmann i Bjerkreim likevel. Han overtok embetet 25. oktober 1944. Då vart den dåverande gruppa i leiren dimittert og reiste heim.

Han var ung, og kanskje litt naiv på enkelte områder når det gjaldt dei som ville vera anonyme, men han tok det att når det var å gå i bresjen for folk som heldt på å mista "gard og grunn". Då visste han å snakka for seg mot dei styrande, og fekk berga folka og eigedomane. Han søkte òg om å få frigitt bønder i Bjerkreim frå fangenskap, slik at dei kunne få gjort våronna. Matauk var viktig under krigen. Men så kom freden først.

Han budde nok fortsatt i AT-leiren på Eikeland, for vi veit han var der då leiren vart brent nyttår 1945.

Anders Brynjulf Nagel-Alne, kvartermester 1942-1944

Født 6.11.1919 i Haugesund. Gift. Stud.med.

Han tok artium våren 1940 og reise til Oslo om hausten for å studere realfag. Han kom også i lag med vener som var medlemmer i NS og som hadde fått arbeid i Statspolitiet. Noko som først virka freistande på han. Han melde seg då inn i NS.

Då han i november var ferdig med haustsemesteret i Oslo, reiste han som frivillig til AT-leir i Skjold i Ryfylke. Etter det vart han engasjert av kaptein Tønder til arbeid i AT-tenesta. Først som hans assistent, etterpå som underkvartermester.

Men 11.9.1941 blei han "rekvirert" til Statspolitiet. Med hjelp av Tønder, som då var Fylkingsfører i AT i Rogaland, vart det protestert, men det nytta ikkje. Slik kom han altså til Statspolitiet i Stavanger i 2 månader. Då fekk han byta stilling med ein i grensepolitiet ved Meråker som ynskja seg tilbake til Stavanger.

Det var vesentleg passkontroll innan eit visst område. Men han kom seg fri derifrå og kom seg tilbake til AT-tenesta i juni 1942.

Han seier at han ikkje har gjort seg nytte av NS-medlemskapet utanom at han fekk ha radio. Den fekk hans far og venene hans høyra på.

I ettertid er det mykje som kan virka underleg på oss.

Slik som at Fylkingsfører Sigurd Tønder ved Statspolitiet sin ettersøknad etter innbrotstjuveriet i AT-leiren på Eikeland i juni 1944, prøvde å venda blikket til etterforskarane på kvartermester Nagel-Alne.

Eg og bror min Nils tala saman om det. Det politiet var mest opptekne av då, var jo brørne Vinningland. Det var jo frå deira forretning på Bjerkreim at AT-leiren fekk varene sine. Ikkje bare matvarer, men som landhandel skaffa dei vel andre varer også.

Så derfor ser det ut som at han som stod for innkjøpa har ofra seg og villeia etterforskarane.

Noko som det ser ut for har virka, sidan saka vart henlagt til slutt.

A. B. Nagel-Alne hadde jo sjølv vore "Stapo" i 2 månader.

Sovanger, den 19-10 1945

Rapport

til politimesteren i Stavanger, Kriminallipolitet,

fra Kriminallipolitt. Andreas Meland.

Ang. Nagel-Alnes forhold til N.S. i A.T.

Avisert den 19-10-45 i Ekspresv. 17:
Sikt. Einarhvalf Nagel-Alne, som forklarte:

Det var ikke alminnelig at det ble drept N.S. propaganda i A.T. Det var den alminnelige oppfatning at N.S. propaganda skulde holdes utenfor A.T. Jeg mener bestemt at det foreligger noe skriftlig om dette fra A.T. s eier Frilich Hansen. Grunnen til at det ikke skulde drives N.S. propaganda i A.T. var at A.T. ikke var noe partiorgan og det skulde heller ikke gis anledning til for motstandere av N.S. å beskylte A.T. for å være N.S. partiorgan eller sippert.

Jeg var at fylkingsfører Tønder flere ganger er blitt oppfordret til å benytte A.T. til agitasjon for N.S. men han har hver gang avslikt. Hervendelsene er kommet fra bølere hold innen N.S. ser som fylkingsføreren. Tønder har under sine inspeksjoner i leirene fremholdt at det ikke skulde drives N.S. propaganda i A.T. leirene kom det noe N.S. propagandamateriell såsom brosjyrer, plakater og lassettor. Det ble ikke benyttet av andre enn dem som påvart hadde interesse av å lese det. Jeg kjenner personlig ikke til en eneste anledning hvor det i. eks. ved oppstilling eller sippel er blitt øvet propaganda eller fakkelyk på menneskene om å slutte seg til N.S. Ca. halvparten av befolket i A.T. var ikke medl. av N.S. Det hendte naturligvis at befolket helt privat diskuterte politikk og fremholdt sine meninger, både N.S. medlemmene og de andre.

Det var sveitfyreren som var ansvarlig for hva som foretok i leirene og jeg tjenestgjorde fra 7-9-42 til våren 1944 under sveitfyreren som ikke var medl. av N.S. Det var Helge Åga og Anne Lima, som sådan ikke noen direkte befatning med menneskene.

Andreas Meland 189

Jeg tør trykt si at jeg aldri har propagandert for N.S. under min tjeneste i Kirkv. A.T.

Som under holdning og oppstilling i A.T. ble det holdt noe som kaltes for "indremiljø" time. Dette bestod i at en av beboere eller en mann fra bygda holdt foredrag om etv eller annet emne som grenset til N.S. s interesser, i. eks. om bygda, om landet, historikk eller geografii. I. eks. ved i Høgeland sveit som jeg en tid var ved og som lå på Høgeland, hendte det flere ganger at lærer Hallvard Sveille ved Ralheim fylkesskole holdt foredrag.

Hvis det har hendt i noen leir at det er gitt ut for N.S. i disse foredrag eller på annen måte, så står dette for vedk. s egen rekning.

De menige mennesker hilste med hånden til noen, befall fra lærtner og overer var etter reglementet likt til å hilse med "opstrakt hand", enten de var medl. av N.S. eller ikke. Kedd. av N.S. likket å bære N.S. merket synlig på uniformen, personlig var det sjelden jeg brukte N.S. merket i leiren men ved anledninger som inspeksjon m.m. var det frivillig å bære det.

Oppl. og vedt.

Jeg har muntlig avnært fylkingsfører i A.T. hr. Tønder. Han forklarte at N.S. propaganda i A.T. var forbudt etter ordre av A.T. sjefen Frilich-Hansen. Derom noen i A.T. har drevet propaganda for N.S. så er det på eget initiativ og med etå for vedk. s personlige rekning.

Fylkesfører Ojensrud kritiserte i 1944 Tønder fordi det ikke ble drevet N.S. propaganda i A.T. leirene. Tønder meinte at Nagel-Alne aldri hadde gitt ut for N.S. under søn tjeneste i A.T.

Rapport fra avhør av Nagel-Alne etter krigen.

Sabotasjeksjonen ved nyttår 1945

Opptakten til aksjonen

Det var Alf Aakre, Kaspar Idland, Paul Buarskog og Harald Vinningland som tok i veg nyttår for å sabotera AT-leiren på Eikeland i Bjerkreim. Harald var med som kjentmann. Dei tok ut frå Steine i Heskestad og hadde berekna ein stopp på Klungland hjå ein kjent familie der dei hadde hatt pause før. Det var hjå Ingvald Lomeland. Det var stygt og ruskete ver og kaldt. Men dei laut ta turen nå, for den 3. januar kom det nye AT-rekruttar til leiren.

Turen gjekk vidare om Sleveland og Tengesdal til Hetland i Bjerkreim. Derfrå kom dei seg over marka til Gåsland der Harald visste om ei hytte som låg tvers over elva for AT-leiren på Eikeland. Hytta tilhørde Ingvald Berner Eikeland. Han var politifullmektig i Stavanger. Han var medlem av NS. Det var krav om det.

Han kjente gjennom arbeidet sitt til kva Vinninglandbrørne dreiv med. Han sa etter krigen at han hadde bydd Sverre Vinningland at om dei trengte ein stad å ta inn, kunne dei få nytta hytta hans på Gåsland.

Klokka var 6 om morgonen då dei kom fram dit. Det var 2. januar 1945. Alf har eit knippe med universaldirkar som blir nytta for å koma seg inn. Dei fortel at der var massevis av NS-propaganda både bøker og brosjyrar, pluss nokre gamle eksemplar av Fritt Folk.

Det vil eg setja eit stort spørsmålsteikn ved. Fritt Folk var medlemsavis for NS. Det var naturleg om dei la etter seg avisa når dei drog heim. Men brosjyrar? Det tenkjer eg heller det er Kåre, eldste sonen, som har teke med seg. Men ikkje massevis. Det er nok fargelegging av opplevingane. Men vi minnest ein episode der han som 13-14 åring var inne i bua hjå besteforeldra våre og det utspant seg ein høgrøysta diskusjon mellom han og bestemor. Så til slutt kom han styrande ut av døra mens han ropte "Du har ikke vett på politikk, bestemor". Men eit langt liv seinare fekk han "Kongens Fortjenestemedalje" i gull for sin innsats for FN i Asia og for NORAD i Afrika. Ingvald (I. Berner Eikeland) har skapt seg eit namn innan lokalhistorie i ettertida.

Beretning frå dei som var med

Her kjem eit utdrag av forteljinga til dei som var med. Forfattar er ikkje kjent, men dokumentet er funne blant Alfhild Vaules papir og gjort tilgjengeleg av Alf Kydland.

I løpet av dagen legger Alf og Kaspar nøyaktige planer for angrepet, og går gjennom alle detaljer på nytt. De vil at alt skal klaffe. Her vil det ikke bli tvil om at brannen er påsatt. Der trenges ingen brannekspertar for å finne ut det motsatte som i Flekkefjord.

Og dagen rusler og går, den regnfulle, grå og triste vinterdag. Den kaster ingen glans over den tildragelse som skal finne sted om natten da monumentet over Herrefolket og dets lakeier skal utslettes.

Nazioffiserene i A.T.-leiren er av og til ute på gårdsplassen, og har et ærend både her og der å utrette. Og de har ingen anelse om med hvilken interesse de blir studert fra den uskyldige N.S.-hytta like ved. Der synes å være 4-5 offiserer i leiren, og det vil være

overkommelig å sette dem ut av spillet. Det er to brakker som de hovedsakelig synes å oppholde seg i.

Så er det blitt kveld, mørk, dyster januarkveld hvor det beskyttende mørke omhyller alt og alle. Klokken nærmer seg 22.30. De "innledende operasjoner" kan ta til. Paul og Harald Vinningland legger i vei nedover et stykke mot Bjerkreim. Harald er kjentmann og viser vei. De støter snart på bygdeveien mellom Eigeland og Bjerkreim og der ser de det ettertraktede mål – telefonledningene. Paul tar opp en stor tang fra lomma, så sier det knepp, knepp et par ganger, og ledningene faller med et svakt søkk ned på den våte jorda. Forbindelsen mellom A.T.-leiren og Bjerkreim og den øvrige verden er brutt. Nå kan hvem som helst telefonere fra Eigeland til de blir gamle og grå. Så lenge de krøllete ledningene ligger på jorden, hjelper ingen ringing.

Paul og Harald har utført sin jobb. De trasker tilbake til N.S.-hytta.

Mens telefonledningene ble kappet, har Alf og Kaspar rekognosert i nærheten av brakkeleirene for å finne mer ut om antall offiserer og hvordan det ser ut på nærmere hold, om der finnes noen stående vakt, eller om farvannet er klart. Det viser seg at der visstnok bare er 4 offiserer. To av dem holder til den ene offisersbrakka, mens de to andre holder til i offisersbrakke nr. 2. Der er ingen vakt.

Så vender Alf og Kaspar også tilbake til N.S.-hytta, hvor de får beskjed:

Telefonledningene er kuttet. Alt i orden.

"Hovedangrepet" tar til. Alle fire lurer seg bort til A.T. leiren. Harald og Paul holder vakt utenfor, mens Alf og Kaspar går inn i hver sin brakke ved at de plutselig river døra opp og med stengunnen klar tvinger offiserene til å overgi seg. De har ingen sjanse til å sette seg til motverge, og de gjør det heller ikke, så det går hurtig for seg, og alle fire offiserer blir samlet i den ene brakka. Fangene aner nok at leiren skal svies av, for noen annen hensikt kan neppe et slikt angrep ha.

Alle sabotørene har masker for ansiktet. Maskene er laget av fallskjerm-silke, og de har snorer av fallskjerm-til å binde offiserene med. Alf og Kaspar vil angrepet skal se ut som det er gjort av fallskjerm-soldater som er blitt sluppet ned, slik at ikke de hjemlige sabotører skal bli mistenkt. Det er mulig at denne list kan forvirre Høllscher og hans hjelpemenn, så hverken Aakres gruppe eller andre grupper blir mistenkt.

Alf spør de fangne offiserene om der er andre i leiren. Og hvis de driver med narrestreker og vil ha dem i en felle, eller de forsøker å rømme, vil de bli skutt med en gang. Han får til svar at der bare er en kokk til i leiren, og han er i den andre offisersbrakka.

Paul blir satt til å holde vakt over de fire offiserene, mens Alf og Kaspar stikker av sted i full fart med sine stenguns for å hente den arme kokk. Det gjelder å fukke ham før han aner uråd og fordufter for å varsle om overfallet. Men kokken aner ikke noe før døra til rommet fyker opp som om der skulle blåse orkan, og det gjør det visst også, figurlig, for der står plutselig to vaskeekte banditter med masker for ansiktet og maskinpistoler i skuddstilling i riktig wild-west-stil. Nå, kokken blir snart klar over at det ikke er noen kinoforestilling, men dødsens alvor. Og de behøver ikke be ham to ganger om å gå foran bort til de andre fangene. Så blir alle fem bundet forsvarlig på hendene med fallskjerm-snorer.

Alf og Kaspar har hele tiden villet gi aksjonen skinn av å være utført av fallskjerm-soldater. Derfor har de også holdt Harald Vinningland utenfor all kontakt med offiserene for at ikke

han skulle bli gjenkjent. Men ved et ganske lite uhell er hele kamouflasjen over angrepet blitt avslørt. Og det går slik for seg:

Mens Paul holder vakt over de fire offiserene som står der rett og ned på gulvet noen meter fra ham, så vil han få seg litt å spise, for de har funnet noen lekre saker i leiren som det var vanskelig å si nei takk til. Paul vil ta seg en riktig stor munnfull og gaper høyt for å få alt på plass da masken glir ned på ansiktet på ham, langt ned, og om han er aldri så snar, har hans karakteristiske ansiktsuttrykk tydelig blitt røpet, for en av fangene kjenner ham sikkert, og det er nazilensmannen i Bjerkreim som står rett foran ham. Fangene ser med forundring og interesse på Paul, de glør på Paul, og han blir eitrende sint:

- Heilomvending, så jeg kan få spise, for pokker.

Og de snur seg så fort som det overhodet er mulig. Denne komiske tildragelsen kan bli tragisk for A.T.-offiserene. At en av sabotørene er blitt gjenkjent, kan være nok til at fangene mister livet. Og når en av sabotørene er identifisert, er det ikke vanskelig å gjette seg til hvem de andre er. Før har noen av dem trodd at de ville bli innebrent, men nå er det blitt til visshet hos enkelte eller muligens hos alle. Og når Alf og Kaspar samtidig kommer inn med den siste fangen, kokken, utbryter nazilensmannen med gråtkvalt stemme:

Har dere ikke noen gifttabletter som gir en smertefri død?

Ingen av sabotørene svarer. Selv vet de jo at de ikke skal likvidere fangene, men de unner nazistene litt uvisshet, litt skrekk i livet. De tenker på hvordan gestapo plager og torturerer sine fanger.

Sabotørene vil vite hvor de kan finne parafin og annet materiale til å tenne ild med. Og offiserene legger ikke skjul på noe. De forteller at der er parafin og treull i depotbrakken. Kanskje sier de det med en indre fryd, for selv har de ikke nøkkelen. Den har materialforvalteren som er i Stavanger og ikke kommer før i morgen. Og offiserene vet at depotbrakken er solid laget. Før jul har der nemlig vært innbrudd i den så den er blitt forsterket, og der er satt solide jernstenger for vinduene. De svina vet at sabotørene får litt av en jobb å bryte inn der.

Og Alf og Kaspar må holde på en times tid for å bryte seg inn, og de arbeider i sitt ansikts sved. Universaldirkene til Alf kommer til kort der. Men endelig er veien fri, og der er madrasser stoppet med treull, så det vil brenne fint. Parafin finner de også. Så blir det igjen et svare strev med å bære madrasser rundt i de forskjellige brakker, og de bærer også en del inn i den brakka hvor Paul holder til med offiserene. Og fangene får seg en ny skrekk i livet. Der er visst ikke lenger tvil om at de skal brenne inne.

Fangene får endelig vite at de ikke vil bli drept, og det lysner i ansiktet på dem, skjønt de kanskje ikke føler seg helt sikre på at sabotørene mener det alvorlig.

De blir ført over gårdsplassen til sykebrakken, som Alf og Kaspar ikke har tenkt å sette ild på, da den inneholder matvarelager, og det er ikke nødvendig å ødelegge det. Fangene marsjerer uten støvler over plassen. Støvlene er alt blitt tatt av tidligere for å redusere muligheten for flukt. Og nazilensmannen i Bjerkreim trasker også over til sykebrakka, men han går i fotkluter. Og det er ikke godt å gå i bare fotkluter. Det er ikke lenge før de slenger om beina på den arme lensmann, så det er såvidt han får subbe føttene med seg. I sykebrakka blir fangene bundet forsvarlig på føttene, også med fallskjermstorer, men har vel ikke så meget å si nå etter at "maskene har falt". For sikkerhets skyld går alle med maske fremdeles. Det er jo også en fordel, det blir i hvert fall vanskeligere å beskrive

utseende deres. Fangene må legge seg på sengene, så ligger de da temmelig bra, og Alf kan ikke la være å kile den barfotede lensmann under føttene og si:

- Kille, kille, kille. Rot deg ikke opp i noe annet enn A.T., min venn!

En av offiserene får også beholde en kniv i lommen, slik at de ikke skal bli liggende for lenge bundet. Ilden kan jo slå over i sykebrakka, selv om det ikke var hensikten å antenne den. Men nazistene skulle nå ha gode sjanser til å klare seg under alle omstendigheter. Selv med bundne hender, skulle en av fangene kunne klare å lirke kniven opp av lommen på sin medfange, klare å åpne den, og få skåret over snorene.

Men litt tid vil det ta, og det er jo også meningen. Forresten er det mest sannsynlig at brannen vil bli oppdaget fra Eigeland, og folk derfra vil komme til unnsetning.

Nå må de fikse alt før de tenner ild. Madrassene som de alt har båret på plass i brakkene, blir skåret opp og treulla trukket ut. Den blir dynket godt med parafin, så det vil bli et lett bytte for ilden. Det skal nok brenne like så godt her som på tønnefabrikken. Syv store brakker blir det satt ild på. Men sabotørene lar sykebrakka, vaktstua, badstua og vaske- og grisehuset stå igjen. Depotbrakken med alt sitt innhold blir også flammenes rov, men sykebrakka med matlager blir som før nevnt ikke ødelagt.

Så sørger de for å sette ild på i flyende fart for å få det unnagjort. Det lider alt langt på natt, og de må avsted. Kaspar tar med seg en sykkel og dessuten en germansk SS-uniform. Så nå har sabotørene to av disse utvalgte uniformer. Den de hadde, kom vel med under "rassiaen" på Ås, da Alf opptrådte med den i all sin prakt. Noe ekstra mat har de også tatt med fra det velforsynte lageret i A.T.-leiren. Og Kaspar har et helt lite lass på sin sykkel.

Flammer og røyk slår ut av brakkene omtrent med en gang de har satt ild på, røyk som blir svartere etterhvert, velter ut gjennom sprekker og vinduer og hele himmelen begynner å lyse i rødt. Dette blir alle tiders kjempebål i Bjerkreim. De må skynde seg så de rekker forbi de nærmeste gårder før ildebrannen blir oppdaget. Gnister fyker alt høyt opp i lufta og de hører knitringen av flammehavet. Kjempebålet forsvinner litt etter litt, men himmelen skinner i det rødt hele tiden.

Slutt på utdraget



Brannruin. Foto: Jørgen Tengedals samling



Brannruin. Gutten på bildet er Julian Egeland. Foto: Jørgen Tengedals samling

Etter brannen

Dei stakk vel fornøyde av, etter at alt var påtent. Den eine fann seg ein sykkel, og dei tok med seg ein del matvarer og andre ting. Dei følgde vegen til Bjerkreim, over brua der dei skilte lag. Syklisten tok den vanlege vegen. Dei møttest så på Mysing i Heskestad.

Men kva så med nabogarden tvers over vegen på Eikeland? Dei visste ingenting før befalet i leiren hadde klart å fri seg frå banda, og kunne varsle om brannen. Høyløa låg ikkje langt derfrå, og gneistane for høgt vart det sagt. Gunda og sønene kunne det gått riktig galt for.

Eg minnest eg vart vekt om natta og fortalt at leiren brann. Vi samlast på kjøkkenet og såg på flammehavet, på infernoet. Det var uhyggeleg.

Far og eldste bror vår, Nils, var sprunge dit for om mulig å hjelpa til. Dei møtte befal i gardstunet til Gunda og på vegen der. Dei hadde då befridd seg og varsle på garden. Fall-skjermnorenene hang fortsatt om hendene på dei. Far såg med ein gong at det var påtent rundt i alle bygningane, så det var ingenting dei kunne gjera. Alle menn og unggutar på Eikeland samlast der då, for å hjelpa, og å halde vakt over elden.

Etterforskinga av sabotasjebrannen på Eikeland har nok blitt føreteke av Statspolitiet (Stapo) og Det tyske sikkerheitspolitiet som ved tjuveriet i juni 1944. Der er ingen papir arkivert om det. Etter februar 1944 er der ingen ting arkivert i Riksarkivet frå Stavanger "Stapo". Dei oppbevarte alt sjølv. Etter at krigen var slutt vart det stor razzia i dei offentlege kontora i Stavanger og mange viktige papir vart øydelagt. Diverre for saga i ettertida.

Men heldigvis var der nokre få som forstod seg på det. Som Alfhild Vaule. Ho hadde nok god kontakt med dei som hadde drive med sabotasje under krigen og nå, ukritisk, fortsatte med det. Ho samla det ho kunne. Det er nå å finna i boka om "Vaulefolket" av Jorunn Kydland.



Foto: Bilete frå Stavanger der offentlege kontor vart plyndra og papira vart kasta ut gjennom vinduene. Som her utanfor NS-kontoret i krysset Kirkegata og Bratttegata.

Refleksjonar

Ei tønne med ansjos

Eit minne frå krigen

Det var mangt og mykje folk laut prøva under krigen

Gå nye vegar

Eg minnest ei tønne med ansjos

Den stod ein dag i saueskjulet

Den var innkjøpt til sauene

Men bror min kom og fortalte om fine, heile ansjosar han hadde funne der

Det var elles fråsortert som gjekk til dyrefor

Eg minnest eg òg fant meg ein til kveldsmaten

Tønnefabrikken ved Flekkefjord

Dei laga tønner til fiskarane som dei salta fisk i,

som dei også kunne frakta fisken i

Fiskarane trengte tønner og folk trengte arbeid

Så ein dag kom der ei bestilling på tønner frå okkupasjonsmakta

Dei ville nytte tønnene til å salta kjøtt i for å sende det til heimlandet

Det gjekk ord om det, og der var ein link til tyskarane

Då vart det ein "tyskarfabrikk"

Den måtte saboterast

Det var planlagt i fullt alvor

Dei var med på noko stort

Dei kom seg unna etter å ha plassert det som skulle antenna

Men diverre, ettersøkinga viste bare sjølvantening

Alt var miss, dei fekk ikkje "æra" av bålet

Men fabrikkeigaren, arbeidarane og fiskarane sto att utan livsgrunnlaget

Derpå gjekk turen til Eikeland

"De brente broers taktikk"

Det vil mest gå ut over sivil-folket

Juni 1945

Ein dag i juni 1945 høyrdest det eit skrål og knetring av skot frå Gåsland. Fok undrast på kva det var for noko. Amanda, kona på garden der hytta låg hadde lovt sin svoger Ingvald "å halda eit auga med hytta". Nå høyrte dei altså bråk derfrå.

Ho tok derfor turen dit saman med ei anna kvinne for å sjå kva det var for noko. Det dei fekk sjå var ein flokk uniformskledde menn som hoia og ropte "nå er det vi som styrer landet".

Dei hadde bore ut tallerkenar og asjettar frå hytta som dei nytta til skytemål med våpna sine. "Kom inn og få ekte kaffi", ropa dei til kvinnene. Men dei vart skremt og snudde heimover.

"Nei, fri og bevare oss for slikt styre", sa folk. Det var altså "takk for lånet av hytta" frå sabotasjegyngen.

Etter krigen

Mange av dei som før krigen hadde hatt leiande stillingar var nå i fengsel i Tyskland. Då dei kom heim att, tok det til å ordna seg etter kvart.

Fylkesmann John Norem tok styringa og kontakta alle ordførarane frå 1940. Som så kalla inn dei gamle heradsstyra til eit førebels styre til det vart halde nytt val.

Det var og valt ei nemnd som skulle setja i gang arbeid for oppbygging av Rogaland. Ein av dei fire i nemnda var Fylkesagronom Alfred Norheim. Så fekk han, som under krigen hadde arbeidd for matauk i Rogaland, få fortsetje med det etter krigen. Det var jo fortsatt krise.

Kaptein i Forsvaret, Salomon Helmer Nagel-Alne var med i Sentralkomiteen og fekk ansvaret for å avvikla alle arbeidsleirane. Han var far til Anders Brynjulf Nagel-Alne som var kvartermeister i leiren på Eikeland. Nå var altså senior kome heim frå Tyskland og skulle rydda opp etter sonen sin arbeidsplass. Men han var sjølv sagt ikkje aleine om det. Det var mange som ville ha eit ord å seia, der som elles. Alt og alle skulle saumfarast om livet under krigen.

For meg tykkjest det som om Gunda Egeland hadde fått ei grei og redeleg avtale om leiren då den vart bygd på leigt grunn av hennar gard. Dei skulle setja opp gjerde rundt, men der skulle vere grinder som lot seg kjøra gjennom når ho trong å kjøra den tidlegare vegen sin til skyljeplass i elva. Vannledninga frå Åsen skulle bli hennar når Leiren var slutt.

Bygningar som ikkje er fjerna innan 2 år etter at leiren er slutt, tilfaller utleigaren utan vederlag. Dette er noko av avtalen. Det skulle i alle tilfelle seia at ho var raus i tilbodet sitt. Dei nye overtakarane burde vere bundne av avtalen som var frå før.

Tilbodet ho ga var å fjerna alt i leiren mot å overta dei få bygningane som var att. Materialet i bygningane ville ho så nytta til å restaurera uthusa på garden. Forsvaret sa nei og ga same tilbodet til kommunen i Bjerkreim som takka nei til det. I september 1946 engasjerte ho sakførar for å få fortgang i saka.

Salet av AT-leirbygningane på Eikeland

Det var først avviklingsstyret si meining å avvikle leiren slik at grunneigaren overtok dei resterande bygg, mot å fråfalle alle krav mot Staten. Det gjekk Forsvarsdepartementet ikkje med på. Nå blei Sjukebrakka overført til DKS mens 9 bygg blei solgt til private kjøparar. Dette salet var 28.4.1947. Salet av bygningane vart først kunngjort i dagsavisene i Stavanger og Egersund 16. og 17. desember 1946. Med i salet fylgde alt fast inventar og at tomta skulle vera heilt rydda 1 månad etter kjøpet.

20.1.1947 var der taksering av alle bygningane. Likeså vart alle ruinrestar taksert for fjerning. Der var også takst over vatntilføringa.

Så kunne interesserte senda inn skriftleg bod på det dei ynskte å kjøpa. S. H Nagel-Alne skriv at Rogaland Infanteriregiment nr. 8 er interessert i å overta Sjukebrakka eller tørkeskuret til bruk som magasin. Regimentet har sendt forslag om dette til DKS.

Så forsvann alle bygningane unntatt Sjukebrakka som vart militærlager. Jordkjellaren og Dynamitthus står òg att, men dei er bygd i jorda og ingen baud på dei eller vatnledninga. Den vart også att.

Og Gunda Egeland fekk erstatning for alle murane som stod att. Murane fjerna dei altså sjølv.

Seinare bygde Johan Berland og broren Edvard Berland hus om lag der matsalen stod. Johan hadde buss og Edvard lastebil. Dei bygde så eit hus med ein høg garasje under, med leilighet over. Nå er dette bygget overdratt til grunneigar av bruk nr. 1.

Også Sjukebrakka er nå overført til grunneigaren av bruk nr. 1 på Eikeland.

Garden blei seinare delt mellom dei to eldste brørne, Nakor og Per. Per fekk nybrot nær Skiesteinane. Jørgen Egeland, son til Nakor, er nå eigar av bruk nr. 1 på Eikeland.

Avslutning

Eg er takksam for all hjelp eg har fått:

Frå eldste bror min, Nils Eikeland, med sitt gode minne, frå Alf Kydland for mange fakta på eit tidleg tidspunkt, og for alle rettsreferat angående leiarar i AT-leiren på Eikeland frå Riksarkivet i Oslo.

Takk òg til Idun Humberstet og Bård Humberstet for hjelp med skanning og pc-arbeid.